



Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane

Eit samarbeidsforum mellom 10 natur- og friluftslivsorganisasjonars arbeid med å ivareta natur- og friluftslivsinteressene i aktuelle saker

Alle kommunar i Sogn og Fjordane

26.09.2017

Oppfordring til kommunane i Sogn og Fjordane for å forby/innføre restriksjonar på vasskuter.

FNF Sogn og Fjordane vil oppfordre kommunane til å innføre **eit forbod** mot vasskuterar. Både ved kysten og på vatn og vassdrag i innlandet. Vi vil derfor minne om at dei nye regelverka også omfattar tillatelse til køyring av vasskuterar på innsjø/farbare vassdrag på over 2 kvadratkilometer.

Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova)

§4. (tillatelse med heimel direkte i lova)

Ferdsl med motorfartøy er tillat på innsjøar som er 2 kvadratkilometer eller større, på elvestrekninger, og på innsjøar mindre enn 2 kvadratkilometer dersom dei inngår som ein del av eit farbart vassdrag. Kommunen kan likevel bestemme at ferdsel som nevnt heilt eller delvis ikkje skal vere tillatt.

I tillegg seier motorferdsellova følgande:

§8. (alminneleg bestemmelse for utøvelse av motorferdsel i utmark og vassdrag).

Motorferdsel i utmark og vassdrag skal foregå aktsomt og hensynsfullt for å unngå skade og ulempe for naturmiljø og mennesker.

Bruk av vasskuterar på innsjøar/vassdrag vil utgjere ein betydeleg konflikt og ulempe for det generelle friluftslivet, fiske og anna bruk.

Både langs kysten og i innlandet vil motorisert ferdsel slik som vasskuterkøyring utgjere ein sikkerhetsrisiko for dei som padlar, seglar, ror, fiskar, dykkar eller badar. No er det opp til

kommunane å ivareta desse brukarane. Vi viser i tillegg til argumenta våre i tidlegare oversendte brev (vedlagt)

Sekundært ber vi om at, viss forbodet ikkje innførast, at det innførast restriksjonar og reglar for køyring i dykkars kommune. I dette tilfelle ber vi om at kommunane vil sørge for at disse reglane blir overhaldne og at det leggst opp til ein evaluering om restriksjonane er tilstrekkelege eller om forbodet på nytt må vurderast.

Vi legger også ved brevet dykk tidlegare har motteke frå Norsk friluftsliv, samt vegleiaren frå Samferdsledepartementet. I tillegg legger vi ved brev frå Samferdselsdepartementet som fjernar ein kvar tvil om moglegheitane for at den enkelte kommune kan forby vasskuter.

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Sogn og Fjordane

Sigurd Felde

Prosjektkoordinator.

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/vannscootere-veiledning-til-kommunene---regulering-av-fart-og-bruk-av-farvann-elver-og-innsjoer/id2555715/>